

Melding om køyretøy som skiftar eigar



Statens vegvesen

For å levere melding om eigarskifte på nett, sjå vegvesen.no/dinside

Du må fylle ut skjemaet og levere det inn til ein av Statens vegvesen sine trafikkstasjonar innan tre dagar etter at eigarskiftet har funne stad.

Du må fylle ut felta som er merka med *.

Krav til eigarskiftet er i tråd med § 2-27 i forskrift nr. 92 om bruk av køyretøy (25. januar 1990).

Viktig! Skjemaet må vere utfylt før du leverer det til trafikkstasjonen

Skiltnummer

OBS! Tidlegare eigar har ansvar for at meldinga om eigarskifte blir levert inn.

OBS! Ny eigar må forsikre køyretøyet. Du som ny eigar må betale gebyr om du ikkje har forsikra køyretøyet innan tre dagar frå og med dagen meldinga om eigarskifte blir registrert av Statens vegvesen. Vi godtek ikkje overstrykingar i felt som er utfylte.

Tidlegare eigar sitt fødselsnr. (11 siffer)/D-nr/org.nr. (9 siffer)*	
Tidl. eigar sitt namn*	
Tidl. eigar si adresse	
Tidl. medeigar sitt fødselsnr. (11 siffer)/D-nr/org.nr. (9 siffer)	
Tidl. medeigar sitt namn	
Merke (sjå ev. vognkort)*	Understell nr.* (sjå ev. vognkort)
Tidlegare eigar sitt tlf.nr./e-post adr.	Tidlegare medeigar sitt tlf.nr./e-post adr.

Ny eigar sitt norske fødselsnr. (11 siffer)/D-nr/org.nr. (9 siffer)*	
Ny eigar sitt namn*	
Ny eigar si adresse*	
Ny medeigar sitt norske fødselsnr. (11 siffer)/D-nr/org.nr. (9 siffer)	
Ny medeigar sitt namn	
Ny medeigar si adresse	
Ny eigar sitt tlf.nr./e-post adr.	Ny medeigar sitt tlf.nr./e-post adr.

.....
Dato for eigarskifte

.....
Signatur til tidlegare eigar

.....
Signatur til tidlegare medeigar

.....
Signatur til ny eigar, ev. verjer

.....
Signatur til ny medeigar, ev. verjer

Etter eigarskiftet må du som ny eigar registrere køyretøyet på deg så snart som mogleg. Du kan og velje å avregistrere køyretøyet. Du eller nokon annan må ikkje ta i bruk køyretøyet før du har fått nytt vognkort frå Statens vegvesen.

Vend!

Du må legitimere deg når køyretøyet skiftar eigar

Om du melder eigarskifte på papir, må du legitimere deg ved oppmøte på ein av Statens vegvesen sine trafikkstasjonar. Du kan og legitimere deg digitalt via ID-porten og levere melding om eigarskifte på nett. Sjå meir om dette på vegvesen.no/dinside.

Partane i eit eigarskifte treng ikkje nytte same løysing for å melde eigarskifte. Ein av partane kan melde eigarskifte på papir, medan den andre parten kan melde eigarskifte på nett. Sjå meir om dette på vegvesen.no.

Forsikring

Hugs at du som ny eigar må forsikre køyretøyet allereie frå dagen du overtek køyretøyet (vedtaksdatoen). Dette er den dagen meldinga om eigarskifte blir registrert hos Statens vegvesen. Har du ikkje forsikring innan tre dagar frå og med denne dagen, må du betale gebyr for kvar dag køyretøyet er utan forsikring. Dersom du melder eigarskifte digitalt, er vedtaksdato den dagen meldinga om eigarskifte blir godkjent av alle paratar.

Tidlegare eigar har ansvar for at køyretøyet er forsikra til og med dagen før meldinga om eigarskifte blir registrert.

Om du ikkje har tenkt å bruke køyretøyet, kan du avregistrere det. Sidan det ikkje er lov å nytte eit køyretøy som er avregistrert, treng du i slike høve ikkje forsikring på køyretøyet.

Slik omregistrerer du køyretøyet

Du kan melde eigarskifte og omregistrere køyretøyet raskt, sikkert og enkelt på vegvesen.no/dinside.

Om du melder eigarskifte på papir, må du hugse å fylla ut og levere skjemaet til ein av Statens vegvesen sine trafikkstasjonar **seinast tre dagar etter at eigarskiftet har funne stad**.

Når Statens vegvesen har motteke meldinga om eigarskifte, får ny eigar informasjon om kva som må ordnast før omregistreringa kan finne stad. Ny eigar får og informasjon om korleis ho/han kan betale avgifta for omregistrering. På informasjonen om betaling står ny eigar sitt namn og adresse, skiltnummer, beløp og KID-nummer. Hugs å oppgi KID ved betaling i bank/nettbank.

Statens vegvesen krev ikkje avgifter for avregistrerte køyretøy. Om køyretøyet er avregistrert får derfor ikkje ny eigar denne informasjonen.

Når alt i samband med omregistreringa er ordna, sender Statens vegvesen deg eit nytt vognkort i posten. Dette tar fire til sju arbeidsdagar.

Ta i bruk køyretøyet med ein gong

Om du ønskjer å omregistrere køyretøyet raskt, kan du å logge deg inn på Di side på vegvesen.no.

Når du har oppfylt alle krava til omregistrering, kan du laste ned eit mellombels vognkort frå Di side på vegvesen.no. Du kan og hente det mellombels vognkortet på ein av Statens vegvesen sine trafikkstasjonar.

Kven kan eige eit køyretøy?

Køyretøy skal registrerast på den som eig køyretøyet. Om køyretøyet har to eigarar, skal begge signere melding om eigarskifte og legitimere seg. Dei blir då registrerte som eigar og medeigar. Berre personar med norsk fødselsnummer og aktivt D-nummer, eller verksemdar med norsk organisasjonsnummer, kan bli registrerte som eigarar av eit køyretøy.

Dersom køyretøyet skiftar eigar til person/føretak utan norsk fødselsnr./organisasjonsnr./D-nr., må skilta leverast til ein av Statens vegvesen sine trafikkstasjonar.

Om køyretøyet skiftar eigar til ein mindreårig eigar, må begge verjene signere og legitimere seg. Er den mindreårige 12 år eller eldre, må han/ho signere saman med verjene. Dersom den mindreårige er under 12 år treng vi ikkje vedkommande si underskrift.

Adresser til Statens vegvesen sine trafikkstasjonar finn du på www.vegvesen.no/trafikkstasjoner

Statens vegvesen handsamar personopplysingar om deg, og desse blir registrert i Køyretøyregisteret. Les meir om rettane dine i Statens vegvesen si personvernerklæring på vegvesen.no. Føremålet med handsaminga er å forvalte regelverk for godkjenning og registrering av køyretøy.

Hugs at du ikkje kan nytte køyretøyet før du har fått nytt vognkort!